

AVGJERD I EØS-KOMITEEN**2021/EØS/13/41****nr. 163/2018****av 6. juli 2018****om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtene:

- 1) Kommisjonsavgjerd (EU) 2018/680 av 2. mai 2018 om fastsetjing av kriterium for tildeling av EU-miljømerket til innandørs reingjeringstenester⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Vedlegg XX til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg XX, etter nr. 2zo (kommisjonsbeslutning 2014/763/EU), skal nytt nr. 2zp lyde:

”2zp. **32018 D 0680**: Kommisjonsavgjerd (EU) 2018/680 av 2. mai 2018 om fastsetjing av kriterium for tildeling av EU-miljømerket til innandørs reingjeringstenester (EUT L 114 av 4.5.2018, s. 22).”

Artikkel 2

Teksta til avgjerd (EU) 2018/680 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 7. juli 2018, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 6. juli 2018.

For EØS-komiteen

Oda Helen Sletnes

Formann

⁽¹⁾ TEU L 114 av 4.5.2018, s. 22.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.